

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 05.12.2019
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Apoteker Tonje Folkvang

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 3**
Status for innføring av eindosepakka legemiddel i Helse Vest

ARKIVSAK: 2019/65
STYRESAK: 032/19
STYREMØTE: 12.12.2019

Bakgrunn

I møtet 01.10.2019 ba Styret om ny status for innføring av eindosepakka legemiddel i Helse Vest i fyrstkomande styremøte.

Status pr 4.12.2019

Rapporten «Konsepttilråding og kvalitetssikring forprosjekt NFS» vart ferdigstilt 03.10.2019. Rapporten tilrår legemiddelforsyning til Nye Førde Sjukehus i form av ikkje-pasientbundne eindosepakka legemiddel og auka IKT-støtte, til dømes gjennom innkjøp av legemiddeltraller. Det vert ikkje planlagt areal for pakkemaskin for eindose i Nye Førde sjukehus, så modellen føreset ekstern leveranse av eindosar. Rapporten tilrår vidare at Helse Førde aukar bruken av eindosepakka legemiddel, òg undervegs i byggeprosjektet for å betre pasienttryggleiken.

I byrjinga av november vart tilrådinga frå arbeidsgruppa som har vurdert innføring av eindose i Helse Bergen ferdigstilt. Rapporten blei behandla av føretaksleiinga 03.12.2019 med vedtak om å ta i bruk eindose.

I dialogmøte med Helse Vest RHF 22.10.2019 presenterte SAV status for arbeid med eindose i Helse Vest og utarbeidd ROS-analyse for regional produksjon av eindose. I møtet vart AD bedt om å framlegge sak om etablering av pakkeanlegg for eindose i Helse Vest i regionalt AD-møte. Det er deretter planlagt vidare saksarbeid i styret til Helse Vest RHF. Gjennom dette arbeidet må prinsipp for plassering av pakkeanlegg verte vedtatt.